



## Notat

Dato: 01.09.2015  
Arkivsak: 2015/898-143  
Saksbehandlar: maraskv

---

**Til:** Kultur- og ressursutvalet

---

**Frå:** Fylkesrådmannen

---

### **Tilbakemelding vedr. PS 60/2015 – Førebels justering av retningsliner til driftsstønad til fylkesfemnande barne- og ungdomsorganisasjonar**

I sak 60/2015 vedtok Kultur- og ressursutvalet ei førebels justering av retningsliner til driftsstønad til fylkesfemnande barne- og ungdomsorganisasjonar 2015. Dette gjaldt retningsline punkt 2, delpunkt 3 «Medlem under fylte 26 år må utgjere hovuddel på medlemstal i organisasjonen» og det vart vedteken at denne vert gjeldande frå 2016. Bakgrunnen for dette var at det viste seg at delpunktet ville gi utilsikta konsekvensar for fleire organisasjonar, m.a. for Hordaland Ungdomslag og Bergen og Hordaland Turlag. Fylkesrådmannen skulle kome attende med ein sak om korleis organisasjonar kan tilpasse seg den nye retningslina.

Hordaland barne- og ungdomsråd har vore informert om endringane men har ikkje kome med ei tilbakemelding med sine synspunkt i denne saka.

På bakgrunn av prioriterte tiltak i 13.innsatsområde i Handlingsprogram 2015 – 2018 for PREMISS: KULTUR – Regional kulturplan for Hordaland har Fylkesrådmannen sett på denne ordninga i samanheng med andre tilskotsordningar på kulturfeltet i Hordaland fylkeskommune. Fylkesrådmannen har lagt opp til endringar i budsjettframlegget i tillegg til at det er oppretta nye ordningar på kulturområdet. Handsaming av nye retningsliner til denne ordninga vil fylkesrådmannen difor avvente med til budsjettet er vedteken.